



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport etter forvaltningskontroll i Forsand kommune

9. juni 2016

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgjande ordningar:

- Produksjonstilskot i jordbruket
 - Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)
 - Forvaltning av ordningar på skogområdet
 - Generell saksbehandling
 - Oppfølging av arbeidsfristar i SMIL-ordninga
 - Handtering av habilitetsreglane i forvaltninslova
-

Vår referanse: 2016/4761

Innhold

1.	Samandrag.....	3
2.	Innleiing.....	5
3.	Bakgrunn for kontrollen	5
4.	Heimel for kontrollen	5
5.	Opplysningar om gjennomført kontroll	6
5.1	Faktaopplysningar om sjølve kontrollen	6
5.2	Møter, intervju og dokumentgjennomgang.....	7
5.3	Tema for forvaltningskontrollen.....	7
6.	Funn.....	8
6.1	Definisjonar.....	8
6.2	Tema 1 – Produksjonstilskot.....	8
6.2.1	Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata .	8
6.2.2	Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot – avkorting.....	9
6.2.3	Tilskot til dyr på beite.....	11
6.2.4	Risikovurderinger ved utplukk til stadleg kontroll	11
6.3	Tema 2 – Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)	12
6.4	Tema 3 – Forvaltning på skogområdet.....	15
6.5	Tema 4 – Generell saksbehandling.....	16
7.	Oppfølging etter kontrollen	17

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Forsand kommune 9. juni 2016.

Tema for kontrollen var kommunen si handtering av følgjande ordningar:

- Produksjonstilskot i jordbruket
- Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)
- Forvaltning av ordningar på skogområdet
- Generell saksbehandling

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

Avvik

Produksjonstilskot

- **Avvik 1**
Kommunen har ikkje sendt skriftleg grunngjeving til søkeren med kopi til FM i ein sak der tilskotet er avkorta for manglande gjødslingsplan.
- **Avvik 2**
Kommunen har ikkje sendt inn liste PT-4100 B med grunngjeving for kvifor PT ikkje er avkorta.

RMP

- **Avvik 3**
Kommunen har ikkje sendt skriftlege vedtak til søkerar som har fått søknaden sin avvist.
- **Avvik 4**
Kommunen har ikkje rutine for å vurdere avkorting ved feilopplysningar som kunne ført til feilaktig meirutbetaling.
- **Avvik 5**
Kommunen har godkjent to søknader på bratt areal der arealet i sum var under 15 dekar
- **Avvik 6**
Kommunen har godkjent tre søknader på biologisk mangfald til areal som ikkje er registrert i Naturbasen.

Generell saksbehandling

- **Avvik 7**
Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å følgje opp habilitetskrava i forvaltningslova.

Merknader

RMP

- **Merknad 1**
Kommunen bør få inn papirsøknad frå dei som ikkje klarer å søkje elektronisk.
- **Merknad 2**
Kommunen har ikkje skriftleggjort risikovurderingane og kontrolltema før stadleg kontroll.

SMIL-ordninga

- **Merknad 3**
Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å følgje opp arbeidsfristar.

I rapporten står det om gjennomføring av sjølve kontrollen og nærmere omtale av avvik og merknader

2. Innleiing

Varsel om forvaltningskontrollen blei sendt til Forsand kommune 12.04.2016. Sjølve kontrollen blei gjennomført 9. juni. 2015.

Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si forvaltning av følgjande ordningar:

- Produksjonstilskot i jordbruket (PT)
- Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)
- Forvaltning av ordningar på skogområdet
- Generell saksbehandling
 - Oppfølging av arbeidsfristar i SMIL-ordninga
 - Handtering av inhabilitet

På sjølve kontrollen blei det avtalt at det skulle sendast ein førebels rapport. Den blei sendt til kommunen 11. august 2016. Kommunen har ikkje gitt tilbakemelding på førebels rapport. Sluttrapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar kring sjølve kontrollen.

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

"Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket (til 31.13.2014)
- Forskrift 19.12.2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket (fra 01.01.2015)
- Forskrift 08.11.2006 nr. 1227 om tilskot til avløsing (til 31.12.2014)
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav
- Forskrift 10.06.2015 nr. 638 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Rogaland
- Forskrift 07.06.2013 nr. 604 om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Rogaland
- Teknisk jordbruksavtale 2014-2015 og Jordbruksavtalen 2015-2016
- Forskrift 04.02.2004 nr. 447 om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- Forskrift 04.02.2004 nr. 448 om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Forskrift 02.07.2015 nr. 132 om endring i forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Jordbruksavtalen 2013-2014 og Teknisk jordbruksavtale 2014-2015
- Gjeldande rundskriv for ordningane som blei kontrollerte

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1 Faktaopplysningar om sjølvé kontrollen

Dato for kontroll: 9. juni 2016	Journalnummer: 2016/4761
Dato for førre kontroll: 20. mai 2014	Journalnummer: 2014/5509

Kontrollert verksemnd

Kommune: Forsand	E-post: post@forsand.kommune.no
Besøksadresse: Kommunehuset, 4110 Forsand	Telefon: 51 70 00 00

Til stades frå kommunen

Namn	Funksjon	Opnings-møte	Intervju	Slutt-møte
Svein Kjetil Rønnevik	Ansvarleg landbruk og miljø	x	x	x
Johanne Thu	saksbehandlar	x	x	x

Til stades frå FM

Namn	Funksjon	Opnings-møte	Intervju	Slutt-møte
Geir Skadberg	Landbruksdirektør	x	x	x
Else F. Hodne	Kontrollør PT	x	x	x
Monica Dahlmo	Kontrollør RMP	x	x	x
Morten Svanes	Kontrollør skogtema	x	x	x
Sissel C. Endresen	Kontrollansvarleg og referent	x	x	x

5.2 Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Geir Skadberg informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema.

- Else F. Hodne var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med produksjonstilskot
- Monica Dahlmo var ansvarleg for intervju og kontroll av ordninga med tilskot etter regionalt miljøprogram
- Morten Svanes var ansvarleg for intervju og kontroll av ordningane på skogområdet
- Sissel C. Endresen var kontolleiar og referent

Intervjua blei supplert med spørsmål knytt til søknader frå ulike føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

5.3 Tema for forvaltningskontrollen

Nr.	Tema	Ønskjer svar på
1	Produksjonstilskot (PT)	<p>Saksbehandlingsrutinar</p> <ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for å rette søknader der det er feil i søknadsdata, og korleis følgjer kommunen opp feillister- Kva rutinar har kommunen for søkerar som startar opp med eller utvidar grovfôrproduksjon for sal- Korleis følgjer kommunen opp regelverket om avkorting- Korleis følgjer kommunen opp saker som gjeld brot på dyrevelferdsregelverket og korleis fungerer informasjonsutvekslinga med Mattilsynet- Kva rutinar har kommunen for å plukke ut føretak til stadleg kontroll
	Tilskot til dyr på beite	<ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for å godkjenne dyr på innmarksbeite og utmarksbeite
2	Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP) Fokus på bratt areal, turstiar og ordningar under biologisk mangfald.	<p>Saksbehandlingsrutinar</p> <ul style="list-style-type: none">- Kva rutinar har kommunen for registrering og arkivering av søknader- Kva rutinar har kommunen for behandling av søknadene- Korleis vurderer kommunen feilopplysninga i søknaden- Kva rutinar har kommunen for stadleg kontroll- Kva rutinar har kommunen for behandling av klager

3	Kommunen si forvaltning på skogområdet	<p>Oppfølging av foryngingsplikta, tilskots- og skogfondsforvaltning og tiltaksstrategiar NMSK</p> <ul style="list-style-type: none"> - Generelt - kva gjer kommunen aktivt for å styrke dei langsiktige investeringane i skog – infrastruktur og oppbygging og skjøtsel av ny skog - Oppfølging av foryngingsplikta – rutinar for praktisk oppfølging - Tilskots- og skogfondsforvaltning - skogkultur og skogsvegar
4	Generell saksbehandling	<ul style="list-style-type: none"> - Oppfølging av arbeidsfristar i SMIL-saker - Handtering av inhabilitet

6. Funn

I dette kapitelet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema.

Eventuelle avvik og merknader som blei avdekkja vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1 Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er nødvendig å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2 Tema 1 – Produksjonstilskot

6.2.1 Rutinar for behandling av innkomne søknader og retting av feil i søknadsdata

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege saksbehandlingsrutinar for innkomne søknader. Ulike rundskriv frå SLF gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane. Det såkalla «saksbehandlingsrundskrivet» som er gjeldande for dei ulike søknadsomgangane omtalar saksbehandlingsrutinane, jf. rundskriv 2014-30 som er gjeldande for søknadsomgangen 20. januar 2015.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen retter opp søknadsdata før søknadsfristen dersom søker ringer og seier dei har ført feil i søknaden. Dei ber om e-post frå søker, eller skriv sjølv eit notat til saken. Dersom søker tek kontakt etter søknadsfristen, ber kommunen om forklaring på kvifor søknadsdata

skal endrast. Kommunen vurderer om søknadsdata skal endrast, og om det skal avkortast. Tidlegare retta berre kommunen søknadsdata, no følgjer dei rutinane gitt i rundskriv.

Kommunen går gjennom alle feil- og varslemeldingar. Vurderingane som blir gjort blir notert på feillistene. Det blir ikkje laga eige notat. Merknadsfeltet blir aktivt brukt ved endringar.

FM hadde plukka ut 6 saker med varslemelding «vanleg jordbruksproduksjon» og bad kommunen gjere greie for vurderingane i desse sakene:

- Sak 1 - Starta opp hausten 2014, er i oppstartfase. Bygg opp besetninga.
- Sak 2 - Mattilsynet har vore på bruket. Dyra er fine. Kommunen har vore på kontroll i august 2014. Er i oppstartfase og bygg opp besetninga.
- Sak 3 – Dødsbu, sonen har no teke over drifta.
- Sak 4 - Driv med villsau. Mattilsynet var på kontroll i mai/juni 2016. Alt var då OK.
- Sak 5 - Er i oppstartfase, kommunen skal på ny kontroll der.
- Sak 6 - Driv med villsau, har god produksjon, fører ute. Har hatt rovdyrtrap.

Kommunen hentar inn ekstra dokumentasjon når det gjeld kjøp av avløysartenester. Det er eit problem å få spesifisert kva som er timer, og kva som er maskinleige. Ved førre kontroll hadde ikkje kommunen rutine for hente inn dokumentasjon ved oppstart med sal av grovfôr. No har kommunen rutine for dette, og krev dokumentasjon i alle saker der det er ført opp sal av grovfôr.

Fylkesmannen si vurdering

Det er positivt at kommunen dokumenterer alle endringar av søknadsdata i Wespa. Vi har og merka oss at kommunen no har rutine for å krevje dokumentasjon ved oppstart av sal av grovfôr. Kommunen kunne og gjere greie for dei 6 saken FM hadde plukka som hadde varslemelding om vanleg jordbruksproduksjon.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.2.2 Reaksjonar ved feilopplysningar og regelverksbrot - avkorting

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta, (§§ 11 og 12 i ny forskrift). Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkeren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 10.5.3 i rundskriv 2014-30. Brev med vurdering skal sendast til søker, med kopi til FM.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Det er få tilfelle i kommunen der det blir oppdaga avvik mellom søknadsdata og faktiske tal. Kommunen sender ut varsel, eller gir munnleg beskjed under stadleg kontroll. Dersom t.d. gjødselplan manglar så avkortar kommunen, og vurderer eventuelt avkorting for feilopplysning i tillegg. Kommunen har notert i merknadsfeltet i Wespa i alle sakene der søknadsdata er endra av kommunen. Kommunen informerer bøndene om at tilskotet vil bli avkorta dersom dei fører opp feil søknadsdata. Kommunen har ikkje hatt saker der dei har avkorta for feilopplysningar.

I sak 7 er utbetalinga redusert pga. manglende miljøplan. I tillegg har kommunen vurdert avkorting for feilopplysning.

I sak 8 har kommunen avkorta for manglende gjødslingsplan. I denne saka har FM ikkje fått kopi av grunngjevinga for avkortinga. Kommunen trur dei ikkje har skrive brev til søker om avkortinga, men dei har informert søkeren munnleg.

Kommunen hadde tidlegare lite kontakt med Mattilsynet. Det er blitt mykje betre. No er det fast rutine å ha eitt møte i året med Mattilsynet saman med kommunane Strand og Hjelmeland. Dialog med Mattilsynet er god. Kommunen får kopi av vedtak, og informerer Mattilsynet om saker dei kjem over. Kommunen har førebels ikkje hatt saker der dei har avkorta for brot på dyrevelferdsregelverket.

Fylkesmannen si vurdering

Det er positivt at kommunen informerer søkerar om at feilopplysningar kan føre til avkorting av tilskotet. Når det gjeld sak 8, har kommunen ikkje fatta formelt vedtak om avkorting. Jf. saksbehandlarrundskrivet skal kommunen grunngje avkortinga i eige brev til søkeren.

FM har også sendt e-post til kommunen, og bedt om å få tilsendt vurderingar for søkerar der kommunen har redusert areal eller dyretal, men ikkje avkorta. I slike tilfelle skal kommunen kort gjere greie for kvifor dei er kome til at tilskotet ikkje skal avkortast. Kommunen kan nytte liste PT-4100 B til å skrive inn ei kort utgreiing.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- **Avvik 1**
Kommunen har ikkje sendt skriftleg grunngjeving til søkeren med kopi til FM i ein sak der tilskotet er avkorta for manglende gjødslingsplan.

- **Avvik 2**

Kommunen har ikke sendt inn liste PT-4100 B med grunngjeving for kvifor PT ikke er avkorta.

Fylkesmannen har ingen merknader.

6.2.3 Tils kot til dyr på beite

Om regelverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. teknisk jordbruksavtale for 2014-2015, punkt 7.7. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer på område med tilfredstillende beitemoglegheiter. Det er krav om at minst 50 % av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har store beiteareal og søkerne har difor som regel meir enn nok beiteareal. Kommunen er ofte på farten ute i kommunen, og ser då på beitene og om det går dyr der. Dei vurderer tal dyr som er ført opp på beite i høve til tilgjengeleg beiteareal, om beite er arbeita, og om det er sannsynleg at dyra har gått 12 veker på beite.

Det er 2 eller 3 føretak i kommunen som har mjølkerobot. Desse har fjøset plassert slik at det er enkelt å opne slik at dyra har tilgang til beiteareal. Ved stadleg kontroll ser dei på om beita er arbeita, og ber om å få sjå beitejournal for dei som har det. Har fram til no ikkje hatt tilfelle der dei ikke har godkjent dyr på beite.

FM hadde plukka ut 8 saker frå 31.07.2015 der det var ført opp dyr på utmarksbeite.

Kommunen kunne gjere greie for alle desse.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har god oversikt på kven som har utmarksbeite. Kommunen har gode rutinar for å vurdere tal beitedyr i høve til tilgjengeleg beiteareal.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.2.4 Risikovurderingar ved utplukk til stadleg kontroll

Om regelverket

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 6 i rundskriv 2014-30 Landbruksdirektoratet. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at

føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har rutine for å gjere risikovurdering for kvar søknadsomgang, og har skriftleg dokumentasjon på utplukk. Under risikovurdering ser kommunen mellom anna på; mottek store tilskotsbeløp, nyoppstarta, därleg drift, mogleg driftsfellesskap, gjødslingsplan og mykje ugras. Dei har og plukka ut føretak der Mattilsynet har gitt beskjed om mogleg därleg drift.

Kommunen har etter risikobasert utplukk funne 3 føretak som mangla gjødslingsplan.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har gode rutinar for risikobasert utplukk til stadleg kontroll.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.3 Tema 2 – Tilskot etter regionalt miljøprogram (RMP)

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å fatte vedtak etter RMP-forskrifta jf. § 27. Tilskot blir utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar m. v. fastsett av Fylkesmannen i Rogaland i samråd med Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og småbrukarlag. Retningslinjer for utbetaling av regionale miljøtilskot er omtalt i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2015-14, og i Fylkesmannen sitt rundskriv 1/2015.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Kommunen har i hovudsak ein person som behandler søknadene. I 2015 var det stor arbeidsbelastning rundt søknadsfristen. Kommunen prioriterte i første rekke søknader om produksjonstilskot. Fleire av søkerane fekk hjelp frå saksbehandlar til å søkje elektronisk. Kommunen var ikkje kjend med at søkerane kan levere søknad på papir.

Kommunen har rutinar for mottak, arkivering og behandling av søknadene. Merknadsfeltet i saksbehandlarsystemet blir aktivt brukt. 3 søknader har blitt avvist i saksbehandlarsystemet. Det er ikkje sendt skriftleg vedtak til søkerane som fekk søknadene avvist.

Fleire av søknadene inneheld feilopplysningar. Kommunen har ikkje rutinar for å vurdere avkorting ved feilopplysningar i søknadene. Kommunen har rutinar for stadleg kontroll. Dei gjer eit risikobasert utplukk til kontroll. Kva som er risikomomenta for kvar søknadsomgang blir ikkje notert skriftleg.

I forvaltningskontrollen blei det sett nærmare på kommunen si forvaltning av tilskot til bratt areal, turstiar og ordningar under biologisk mangfald. I tillegg blei det sett på forvaltninga av tilskot til skjøtsel av lokalt viktige jordbruksområde, øyar, holmar og veglause område, heretter kalla lysefjordtillegget.

Kommunen opplyste at dei har rutinar for å avslå søknader om tilskot til bratt areal når driftseininga ikkje har meir enn 15 dekar med bratt areal totalt. Kontrollen avdekkja to søknader, sak 17 og sak 18 i vedlegget, der dette ikkje var gjort.

Kommunen viser i intervju at dei har kjennskap til regelverket som gjeld for tilskot til vedlikehald av ferdsselsårar i jordbrukslandskapet, turstiar. I kontrollen blei det stilt spørsmål til 3 saker, sak; 19, 20 og 21. I sak 19 var det godkjend tilskot til tursti i skogsområde. Under intervjuet blei det oppgitt at turstien går gjennom eit plantefelt. I følgje Fylkesmannen sine data er siste planting på føretaket i sak 19 utført i 2005. I Sak 20 og sak 21 er det godkjend tursti ved open fastmark.

Forsand kommune har få søknader på ordningar under biologisk mangfald. Når det gjeld tilskot til styvingstre, har kommunen støtta seg til vurderingar gjort av tidlegare jordbruksjef. I møtet blei det lagt fram 3 saker, sak 22, 23 og 24, der det ser ut som det er godkjend tilskot i område der det ikkje er registrert naturverdiar i Naturbasen. Dette gjeld tilskot til beite av biologisk verdifulle areal, Naturbeitemark sak 22, beite av kystlynghei sak 23 og skjøtsel av slåttemark sak 24. Under intervjuet blei det hevda at areala var innteikna på kart. Det er Fylkesmannen si Miljøvernnavdeling som har ansvar for å sende inn kartdata til Naturbasen. Etter deira opplysningar har det ikkje vore endringar i Naturbasen i 2015 i områda omfatta av sak 22, 23 og 24. Det låg tidlegare ute eit gammalt sett med miljø-registreringar i Forsand på Temakart – Rogaland. Det er ikkje undersøkt om dei omtalte stadene var med i desse miljøregistreringane.

Gjennomgang av kommunen si forvaltning av «Lysefjordtillegget» viser at kommunen har godkjend tilskot i tråd med føringane for ordninga.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen er nøgd med at kommunen har ei god behandling av søknader om «Lysefjordtillegget». Vi ser utfordringa med høg arbeidsbelastning rundt søknadstidspunkt. Søkjrarar som ikkje klarer å søkje elektronisk kan med fordel bli oppmoda til å søkje på papir. På den måten blir det eit klart skilje mellom søker og kommune, der det ikkje er tvil om kven som er ansvarleg for opplysningane i søknaden.

Avvisning av søknader

Ei avvisning av ein søknad er eit enkeltvedtak som skal grunngjenvæst, og der søkeren skal bli opplyst om retten til å klage. Vedtak om avvisning om søknader skal handterast utanom saksbehandlarsystemet eStil. Kommunen må rette opp i praksisen slik at søkerane får nødvendig informasjon og klagerett.

Stadleg kontroll

Kommunen har risikobasert utplukk av søknader til stadleg kontroll. Utplukket er i stor grad basert på lokalkunnskapen saksbehandlarane har. For å sikre god spreiing i kontrolltema, og

for å gjere kommunen mindre sårbar for utskiftingar av personale, bør kontrolltema noterast skriftleg.

Avkorting av søknader på grunnlag av feilopplysningar

Dersom søker gir opplysningar som kan gi urett utbetalt tilskot, skal kommunen vurdere avkorting (jf. rundskriv). Forsand kommune har ikkje rutinar for å vurdere avkorting i tråd med føringane for Regionalt miljøprogram. For å heve kvaliteten på søknadene må søkerane bli kjende med at feil i søknadsdata kan føre til avkorting av tilskot. Forsand kommune må difor etablere rutinar som er i tråd med føringane for RMP.

Bratt areal

Kommunen var kjend med regelverket for tilskot til bratt areal. Kontrollen avdekkja to søknader der det var godkjend tilskot til føretak som i sum har mindre enn 15 dekar bratt areal. Minimumskravet blir ikkje handtert av saksbehandlarsystemet. Det er kommunen som manuelt må sjekke dette. Det er berre to søknader der det er godkjend feil. Vi ber kommunen vere merksam på problemstillinga.

Vedlikehald av ferdelsårar i jordbrukslandskapet

Kommunen viste under intervjuet at dei var kjende med regelverket for tilskot til skjøtsel av turstiar. I dei tre sakene som blei tatt opp blei det ikkje klart kva som var dei faktiske tilhøve. Vi ber kommunen om å sjå nærmare på desse turstiane. Vi gjer merksam på at tilskot til turstiar ved plantefelt berre kan bli gitt fram til plantene har nådd knehøgd.

Ordningar under biologisk mangfald

Kommunen har få søknader på tilskotsordningar under biologisk mangfald. I dei fleste ordningane er det krav om at arealet skal vere kartfesta i Naturbase. I den tid det kan vere ein overgang mellom ei registrering og tilrettelegging for Naturbase, er det tilstrekkeleg med ei stadfesting av miljøkvalitetane frå Fylkesmannen si Miljøvernnavdeling. I intervjuet blei det hevda at dei nemnte sakene hadde areal registrert i Naturbasen. I følgje Miljøvernnavdelinga har det ikkje vore endringar for dei aktuelle stadene i Naturbasen i 2015. For å få avklart om areala kan kvalifisere for tilskot tilrår vi å ta kontakt med Miljøvernnavdelinga. I forvaltninga av tilskot må kommunen etablere rutinar som gjer at areal blir sjekka opp mot nødvendige kartregistreringar.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 2**

Kommunen har ikkje sendt skriftelege vedtak til søkerar som har fått søknaden sin avvist.

- **Avvik 3**

Kommunen har ikkje rutine for å vurdere avkorting ved feilopplysningar som kunne ført til feilaktig meirutbetaling.

- **Avvik 4**
Kommunen har godkjent to søknader på bratt areal der arealet i sum var under 15 dekar
- **Avvik 5**
Kommunen har godkjent tre søknader på biologisk mangfold til areal som ikke er registrert i Naturbasen.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- **Merknad 1**
Kommunen bør få inn papirsøknad fra dei som ikke klarer å søkje elektronisk.
- **Merknad 2**
Kommunen har ikke skriftleggjort risikovurderingane og kontrolltema før stadleg kontroll.

6.4 Tema 3 – Forvaltning på skogområdet

Om regleverket

Kommunane skal på ein lokaltilpassa måte følgja opp nasjonale og regionale målsettingar. Slike målsettingar er nedfelt nasjonalt både i meldingar til Stortinget, i lovar, forskrifter og andre retningslinjer. Regionalt er dei nasjonale målsettingane gjerne tilpassa og utdjupa gjennom regionalplanar, handlingsplanar og andre, gjerne årlege retningslinjer.

Oppbygging og skjøtsel av ny skog, inkludert infrastrukturtiltak er tema det er sett klare mål for både nasjonalt og regionalt. Det er også gitt retningslinjer om at kommunane skal ha fireårige strategiar for bruk av midlar til nærings- og miljøinvesteringar i skogbruket (NMSK), jf. *Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

Oppfølging av foryngingsplikta er heimla i Skogbrukslova §§ 6 og 20 og tilhøyrande forskrift om berekraftig skogbruk, kapitel 3, §§ 6,7, 8 og 15. Planting etter hogst skal vere gjennomført innan 3 år. Fristen kan etter søknad forlengast til maksimalt til 5 år. Det same gjeld eventuell omdisponering til innmark. Kommunen skal føre tilsyn med at reglane i lova blir haldne.

"Forskrift om skogfond o.a.", jf. §§12 og 17, der det går fram at alle krav om utbetaling skal vere tilstrekkeleg dokumentert og kommunen skal i naudsynt omfang kontrollere gjennomførte investeringar og utførte tiltak før utbetaling. Dette gjeld og i forhold til "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket", jf § 12.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju og dokumentasjon

Det er om lag 50 aktive skogeigedomar i Forsand. Det er generelt liten aktivitet på skogområdet i kommunen. NMSK-strategien og SMIL-strategien er oppdatert pr. 20.04.2016 for perioden 2016-2019. Strategien har vore politisk behandla i kommunen.

Fylkesmannen hadde plukka ut 4 saker før kontrollen. Ingen av desse sakene var registrert i ØKS når FM plukka dei ut. Kommunen har vore inne og registrert etter FM varsle kontroll. I tre av sakene var arealet omdisponert til beite, og i ein sak var arealet no brukt til masseuttak.

Forsand kommune har ingen bilag frå skogfondordninga dei siste to åra. Kommunen har eit arkivsystem med alle skogeigedomane som viser alt som er planta av skog.

Fylkesmannen si vurdering

Det er lite aktivitet på skogområdet i kommunen, og det er ønskjeleg at kommunen får opp aktiviteten innan skogbruket. Kommunen har eit godt oppdatert arkivsystem over skogeigedomane i kommunen.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ingen merknader.

6.5 Tema 4 – Generell saksbehandling

Oppfølging av arbeidsfristar i SMIL-ordninga

Det har vore lite aktivitet og lite bruk av SMIL-ordninga i kommunen. Kommunen har ikkje hatt system for å følgje opp arbeidsfristar. Kommunen har no fått på plass ein ny saksbeandler for SMIL-ordninga. Kommunen skal gå gjennom alle saker og følgje opp dei sakene der arbeidsfristen har gått ut.

Merknader

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknader:

- Merknad 3**

Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å følgje opp arbeidsfristar.

Saksbehandling og inhabilitet

Det er viktig at kommunen har gode rutinar for å behandle saker der saksbeandlerar er inhabil. I forvaltningslova § 6 første ledd står det at

«En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffen avgjørelse i en forvaltningssak

...

b) når han er i slekt eller svøgerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;

...

I kommunen er saksbehandlaren for PT inhabil ut frå slektskap i sak 29 og 30. Kommunen har rutine for at saksbehandlaren ikkje godkjenner søknadene. FM har kontrollert dette og kan stadfeste at saksbehandlaren ikkje godkjenner søknaden i tilfelle der vedkomande er inhabil. Men kontrollen viser at saksbehandlaren har lagt til rette grunnlaget for avgjersla ved å registrere søknaden og sette den «Til behandling» for søknadsomgangane pr.

01.01.2015 o g 31.07.2015. Etter forvaltningslova § 6 første ledd er saksbehandlaren i dette tilfellet inhabil også til å leggje til rette grunnlaget for avgjersla. Ved søknadsomgangen pr.

01.01.2016 har ikkje inhabil saksbehandlar lagt til rette for avgjersla, og ved den søknadsomgangen er saksbehandlinga i tråd med forvaltningslova.

Avvik

På bakgrunn av vurderingane ovanfor fann vi følgjande avvik:

- **Avvik 6**

Kommunen har ikkje gode nok rutinar for å følgje opp habilitetskrava i forvaltningslova.

7. Oppfølging etter kontrollen

Forsand kommune må innan 01.11.2016 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.